

**Kontrollutvalet**

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
05/19	033	25.01.2019	11.03.2019	KS/JS

05

**ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET 2018****Forslag til innstilling**

Kommunestyret tek årsmeldinga for kontrollutvalet 2018 til vitende.


**Vedlegg**

Årsmelding for kontrollutvalet 2018. Utarbeidd av Vest Kontroll.

**Saksopplysning**

Viser til vedlagd årsmelding for kontrollutvalet 2018.

  
Jostein Støylen  
Dagleg leiar

  
Karoline Sighaug  
Konsulent



**ÅRSMELDING**  
**FOR**  
**KONTROLLUTVALET**  
**2018**

**VOLDA KOMMUNE**

# 1. INNLEIING

## 1.1 Heimel

Ansvar for tilsynet med kommunen er lagt til kommunestyret, jfr. Kommuneleva § 76. Ordninga med kontrollutval i kommunen er heimla i kommunelova § 77 nr 1.

Oppgåvene til kontrollutvalet er heimla i Kommuneleva § 77 og i forskrift om kontrollutval.

## 1.2 Kontrollutvalet sitt formål

Kontrollutvalet skal på vegne av kommunestyret føre det løpande tilsynet med forvaltninga i kommunen.

Kontrollutvalet sitt formål er todelt. Den eine oppgåva rettar seg mot tilsyn med forvaltninga i kommunen. Den andre rettar seg mot utføringa av revisjonsoppgåvene (rekneskap og forvaltningsrevisjon). Kontrollutvalet må og basere seg på det arbeid som blir utført av revisjonen.

I kommunelova seier og at tilsyn og kontroll skal skje i alle kommunale organ, folkevalde og administrative, og dei har eit **sjølvstendig ansvar** for tilsyn og kontroll på sine områder.

## 1.3 Kontrollutvalet sin plass i organisasjonen

Det **direkte underordningsforholdet til kommunestyret** medfører at kontrollutvalet har ein **uavhengig** ståstad i høve til andre kommunale politiske og administrative organ. Det er **berre kommunestyret som kan instruere kontrollutvalet**. Kontrollutvalet er det organet som i praksis utfører det generelle tilsynsansvaret som ligg til kommunestyret.

Kontrollutvalet har då fylgjeleg **ikkje eit tilsynsansvar overfor kommunestyret**, men det hindrar ikkje utvalet i å kunne **uttale seg** om kommunestyret er i ferd med å gjere eller har gjort eit ulovleg vedtak.

Kontrollorgana må vere **fristilte i høve til dei som skal kontrollerast**, dersom kontrollen skal vere truverdig.

## 1.4 Kontrollutvalet si samansetjing

For valperioden 2015 – 2019 har kontrollutvalet slik samansetjing:

Leiar	Ronald Hagen
Nestleiar	Solfrid Oline Førde
Medlem	Bjørn Ytrestøyl
Medlem	Jørgen Holte
Medlem	Inge Alexander Bruheim
Medlem	Torill Rødven Eide
Medlem	Ragnhild Folkestad
1. varamedlem	Anne Helen Sundalsfoll
2. varamedlem	Alinde Marie Bjørkedal
3. varamedlem	Eilev Halkjelsvik
4. varamedlem	Elin Mari Løvøy Wilhelmsen
5. varamedlem	Tor Mikalsen
6. varamedlem	Anne Karin Espe
7. varamedlem	Arne Ullaland

Ronald Hagen er kommunen sin representant i styret for Vest kontroll med Solfrid Førde som vara. Hagen er også nestleiar i styrer og vore fungerande leiar frå slutten av oktober 2017.

## 2. MØTER, SAKSBEHANDLING OG SAKER

### 2.1 Møteverksemd

Kontrollutvalet har i 2018 hatt 7 møte og behandla 40 saker. Ei oversikt over sakene følgjer under. **Møtebøkene frå utvalet sine møte vart sende til kommunestyret som melding** etter kvart.

### 2.2 Saksbehandling/rolle

Kontrollutvalet sine oppgåver etter lov og forskrift

Oppgåver ved rekneskapsrevisjon  
Oppgåver ved forvaltningsrevisjon  
Selskapskontroll  
Særlege oppgåver

#### Sekretariatet

Vert ivareteken av Vest kontroll. Medlemskommunane i samarbeidet er: Hareid, Herøy, Sande, Selje, Ulstein, Vanylven, Volda, Vågsøy og Ørsta.

#### Revisjonen

Revisjonen vert ivareteken av Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS.

Revisjonen sitt arbeid og tilhøve revisjonen tek opp eller informerer om vil framleis vere tilhøve i kontrollutvalet sitt arbeid. Utgangspunktet for revisjonsarbeidet er at det skal rettast mot dei **risikoutsette** områda i kommunen.

Kontrollutvalet og revisjonen har inngått skriftleg samarbeidsavtale etter delegasjon frå kommunestyret.

#### Rådmannen

har innanfor kontrollutvalet sitt mynde ikkje høve til å instruere eller avgjere noko overfor sekretariatet. Eit godt samarbeid med rådmannen er viktig for felles forståing og best mulig resultat og læring.

### 2.3 Saker i året

#### Møte 01-18 – 31.01.2018

<b>Saksnr.</b>	<b>Tittel</b>	<b>Status</b>
01/18	Godkjenning av innkalling og sakliste. Møteprotokoll.	Ferdig
02/18	Godkjenning av møteprotokoll frå siste møte	Ferdig
03/18	Gjennomgang av møteprotokollar 2017	Ferdig
04/18	Gjennomgang av møteprotokollar 2018	Ferdig
05/18	Møteplan for kontrollutvalet 2018	Ferdig
06/18	Sjukefråvær – orientering	Kontrollutvalet tek orienteringa frå personalsjefen til vitende. Kontrollutvalet ynskjer ny orientering våren 2019.
07/18	PPT – orientering	Kontrollutvalet tek orienteringa frå leiar PPT til vitende.
08/18	Meldingar	Ferdig

09/18	Innovasjonsprosjekt KIMEN	Kontrollutvalet har fylgjande kommentar til e-post dagsett 16.01.18 frå Erlend Krumsvik: Kontrollutvalet kan ikkje sjå at utvalet sitt mandat tilseier at utvalet har høve til å vurdere administrasjonen sine grunngevingar for deira tilrådingar til vedtak.
10/18	Diverse spørsmål	1.Kontrollutvalet ber rådmannen kome med utgreiing/svar på kulepunktta: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kvar står planarbeidet i Volda i høve arealplanen?</li> <li>• Kva er verdien på kommunen sine aksjar i Tussa?</li> <li>• Kva har skjedd for Volda kommune sitt samarbeid med studiebygdA Volda?</li> </ul> 2.Kontrollutvalet ber rådmann og teknisk sjef gi forklaring på artikkel i Møre av 18.01.18 vedkomande semje om Sambindingsveg. Sjå sak 17/18.

#### Møte 02-18 – 12.03.2018

11/18	Godkjenning av innkalling og sakliste. Møteprotokoll.	Ferdig
12/18	Godkjenning av møteprotokoll frå siste møte	Ferdig
13/18	Meldingar	Ferdig
14/18	Gjennomgang av møteprotokollar 2018	Ferdig
15/18	Kontrollrapport – årsrapport 2017 skatteoppkrevjarfunksjonen	Kontrollutvalet har ingen merknader til Skatteetaten sin kontrollrapport, Skatteoppkrevjaren sin årsrapport, Skatterekneskapen og Årsmeldinga for interkommunal arbeidsgivarkontroll 2017. <b>Kommunestyret sak 58/18</b>
16/18	Årsmelding for kontrollutvalet 2017	Kommunestyret tok årsmeldinga for kontrollutvalet 2017 til vitende. <b>Kommunestyret sak 59/18</b>
17/18	Orientering frå rådmannen	1. Kontrollutvalet tek til vitende: <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Kvar står planarbeidet i høve arealplanen</li> <li>2. Kva er verdien på kommunen sine aksjar</li> <li>3. Kva har skjedd for Volda kommune sitt arbeid med studiebygdA Volda</li> </ol> 2.Når det gjeld samanbindingsveg byggefelt i Håmyra viser kontrollutvalet til orientering frå rådmann Rune Sjugard og teknisk sjef Rune Totland om kommunen sitt engasjement som byggherre i høve samanbindingsveg i byggefeltet Håmyra. Sjå sak 21/18

**Møte 03-18 - 12.03.2018 Fellesmøte med kontrollutvalet i Hornindal**

03/18	Innkalling og sakliste	Ferdig
03/18	Møteprotokoll 12.03.2018 (fellesmøte)	Ferdig

**Møte 04-18 – 15.05.2018**

18/18	Godkjenning av innkalling og sakliste. Møteprotokoll	Ferdig
19/18	Godkjenning av møteprotokoll frå sist møte	Ferdig
20/18	Gjennomgang av møteprotokollar 2018	Ferdig
21/18	Meldingar	1.Kontrollutvalet tek meldingane til vitende. 2.Med gitt og tilført informasjon finn ikkje kontrollutvalet grunnlag for å gå vidare med kontrollutvalssak 17/18
22/18	Revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon 2017	Ut frå dei opplysningane som ligg føre har kontrollutvalet ingen merknader til revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon for revisjonsåret 2017.
23/18	Kommunerekneskapen med årsmelding 2017	1.Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding for 2017 datert 27.04.2018. 2. Kontrollutvalet meiner at Volda kommune sitt årsrekneskap, <u>kan godkjennast</u> . 3. Kontrollutvalet støttar rådmannen sitt forslag til disponering av året sitt rekneskapsmessige resultat: «Årets rekneskapsmessige resultat på 41,4 mill kr vert sett av til disposisjonsfond. 12 mill kr av desse vert «øyremerka» rentereguleringsfond». <b>Kommunestyret sak 72/18 og 73/18.</b>

**Møte 05-18 – 20.09.2018**

24/18	Godkjenning av innkalling og sakliste. Møteprotokollen	Ferdig
25/18	Gjennomgang av møteprotokollen frå siste møte	Ferdig
26/18	Gjennomgang av møteprotokollar 2018	Ferdig
27/18	Meldingar	Ferdig
28/18	Budsjett for kontrollutvalet 2019	Kontrollutvalet ber kommunestyret løyve kr. 50.000,- til fri disposisjon for kontrollutvalet i budsjett for 2019. Leiar og møtgodtgjersle kjem i tillegg.
29/18	Orientering arbeidsgjevarkontroll	Kontrollutvalet tek orienteringa frå skatteoppkrevjaren vedkomande arbeidsgjevarkontroll til vitende.
30/18	Oppfølging forvaltningsrevisjonsprosjekt – tidleg innsats	1.Kontrollutvalet tek tilbakemeldinga frå rådmannen v/oppvekstsjefen til vitende. 2.Kontrollutvalet ser at PPT har ein langsiktig strategi for å jobbe

		systemretta og førebyggande, men kontrollutvalet registrerer at hovuddelen av førespurnadane til PPT framleis rettar seg mot enkeltindivid. Ein saknar konkret tilbakemelding for sakshandsamingstid og ventelister. 3.Kontrollutvalet ber leiaren i PPT om orientering av status våren 2019. <b>Prosjektet var behandla i kommunestyret sak 3/18</b>
31/18	Revisjonsplanlegging 2018 – finansiell revisjon	Kontrollutvalet tek til vitende revisjonsplanlegging 2018 – finansiell revisjon, for kommunen, utarbeida av Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS.

### Møte 06-18 – 28.11.2018

32/18	Godkjenning av innkalling og sakliste. Møteprotokollen	Ferdig
33/18	Gjennomgang av møteprotokollen frå siste møte	Ferdig
34/18	Gjennomgang av møteprotokollar 2018	Ferdig
35/18	Meldingar	Ferdig
36/18	Forvaltningsrevisjonsprosjekt – sjølvkost vatn og avløp	1.Kommunestyret tek til vitande Forvaltningsrevisjonsprosjekt – Sjølvkost vatn og avløp – Volda kommune. (Utarbeida av Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS, datert 14.06.2018). 2.Kommunestyret tek også til vitende rådmannen sin kommentar av 28.08.18 til dette prosjektet. <b>Kommunestyret sak 148/18.</b>
37/18	Selskapskontroll av VØR IKS – Plan	Kommunestyret vedtek at kontrollutvalet bestiller ein selskapskontroll av Volda og Ørsta reinhaldsverk IKS med Bodhild Laastad i samsvar med tilbodet. 2. Betaling skal skje over revisjonsutgifter 2019. Kommunane dekker kostnadane etter innbyggjartal. 3. Føresetnaden for å bestille selskapskontrollen er at Ørsta kommunestyre også gjer positivt vedtak. <b>Kommunestyret sak 147/18.</b>
38/18	Neste forvaltningsrevisjonsprosjekt	Kontrollutvalet ber Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS utføre ei forvaltningsrevisjonsprosjekt med utgangspunkt i heimebasert omsorg og ber om at prosjektplan vert utarbeida og lagt fram på neste møte.
39/18	Orientering om implementering av GDPR	Kontrollutvalet tek den skriftlege orienteringa til vitende.
40/18	Økonomirapport 2. tertial 2018 og finansrapportering 2018 – 2. tertial	Økonomirapport og finansrapportering 2-tertial 2018 vert teken til vitende.

## Møte 07-18 – 28.11.2018 Fellesmøte med kontrollutvalet i Hornindal

	Innkalling til fellesmøte Volda og Hornindal.	Ferdig
	Møtebok – fellesmøte Hornindal og Volda	

Det vert vist til kommunestyret sine møteprotokollar for saker frå kontrollutvalet som har vore behandla der.

### 3. MEIR OM KONTROLLUTVALET SINE OPPGÅVER

#### 3.1 Omfang og avgrensing

Kontrollutvalet sine oppgåver er nærare lista opp i forskrift om kontrollutval kap. 3 til kap. 7.

#### 3.2 Oppgåver

##### 3.2.1 Alminnelege reglar om kontrollutvalet sitt ansvar og oppgåver. Kap. 3 i forskriftene.

###### § 4. Tilsyn og kontroll.

Kontrollutvalet har, med dei tilgjengelege ressursar dei har hatt, ført tilsyn med forvaltninga og revisjonen.

###### § 5. Henting av opplysningar

Utvalet har fått alle opplysningar dei har bede om.

##### 3.2.2 Kontrollutvalet sine oppgåver ved rekneskapsrevisjon. Kap 4 i forskriftene.

###### § 6 Rekneskapsrevisjon.

Kommunen sin årsrekneskap for 2017 som har vore avlagde i året, har vore revidert av Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS. Så langt kontrollutvalet kjenner til var lover, forskrifter og standar for revisjon følgde.

Revisor har gitt skriftlege og munnlege orienteringar om arbeidet sitt til kontrollutvalet.

22/18	Revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon 2017
-------	---

###### § 7 Uttale om årsrekneskapet

23/18	Kommunerekneskapen med årsmelding 2017 - Kommunestyret sak 72/18 og 73/18.
-------	--

###### § 8 Oppfølging av revisjonsmerknader.

Kontrollutvalet har ikkje fått melding frå revisor om merknader som ikkje er følgt opp.

##### 3.2.3 Kontrollutvalet sine oppgåver ved forvaltningsrevisjon. Kap. 5 i forskriftene.

###### § 9 Forvaltningsrevisjon

Det er kommunestyret som i siste instans skal sjå til at det vert utført forvaltningsrevisjon.

###### § 10 Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon

Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 - 2019 vart behandla i kontrollutvalet i sak 22/16 og kommunestyret PS 129/16.



§ 11 Rapporter om forvaltningsrevisjon.

36/18	Forvaltningsrevisjonsprosjekt – sjølvkost vatn og avløp - Kommunestyret sak 148/18.
-------	---

”§ 12 Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapportar.

30/18	Oppfølging forvaltningsrevisjonsprosjekt – tidleg innsats Kommunestyret sak 3/18
-------	--

**3.2.4 Selskapskontroll. Kap. 6 i forskriftene.**

§13 Selskapskontroll.

Plan og retningslinjer for selskapskontroll for perioden 2016 – 2019 vart behandla i kontrollutvalet sak **30/16**, og i kommunestyret **PS 159/16**.

§ 14 Selskapskontrollens innhald.

Kontrollutvalet skal sjå til det vert ført kontroll med forvaltninga av interessene ved å eige i dei selskap som er omfatta av slik kontroll, i dette kontrollere om den som utøver kommunen si interesse ved å eige i selskapa gjer dette i samsvar med kommunestyret sine vedtak og vilkår(eigarskapskontroll). Selskapskontroll kan også omfatte forvaltningsrevisjon.

§ 15 Rapportering om selskapskontrollen.

Kontrollutvalet har ikkje behandla eigne selskapskontrollar i året 2018.

37/18	Selskapskontroll av VØR IKS – Plan - Kommunestyret sak 147/18.
-------	--

Kommunestyret vedtok i sak **PS 113/16** Rutine for eigarskapsstyring.

Når tilhøva no er lagt til rette vert det forventa at kommunen framover fylgjer opp kommunestyresak 113/16 på ein tilfredsstillande måte. Ein kan ikkje sjå at det er lagt fram eigarskapsmelding for kommunestyret i 2018.

**3.3 Tilsynsrapportar frå fylkesmannen/statlege tilsyn**

Kontrollutvalet har ikkje behandla tilsyn i 2018.

**3.4 Orienteringsbesøk**

Kontrollutvalet har ikkje vore på orienteringsbesøk i 2018.

**Kontrollutvalet i Volda kommune, 11.03.2019.**

Ronald Hagen  
Leiar i kontrollutvalet

Jostein Støylen  
Dagleg leiar Vest Kontroll